



**Hordaland fylkeskommune**

**Rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018-2020**

August 2018

«Rullert plan for  
forvaltningsrevisjon 2018-2020»

August 2018

Notatet er utarbeidd for Hordaland  
fylkeskommune av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 51 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)  
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

# Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon og plan for forvaltningsrevisjon	4
1.2	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon	4
2.	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2018-2020	5
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	5
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	6
3.	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	7
3.1	Framgangsmåte	7
3.2	Gjennomføring og rapportering	7

## Tabellar

Tabell 1:	Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	5
Tabell 2:	Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	6

# 1. Innleiing

## 1.1 Krav til forvaltningsrevisjon og plan for forvaltningsrevisjon

I følgje kommunelova § 77 skal kontrollutvalet sjå til at det blir gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknadar ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnadar (forvaltningsrevisjon). Kva forvaltningsrevisjonsprosjekt fylkeskommunen ønskjer å gjennomføre skal framkome i ein plan for forvaltningsrevisjon, jf. kontrollutvalsforskrifta § 10.

Gjennom ei overordna analyse gjennomført i 2016, blei det henta inn relevant informasjon om verksemda til fylkeskommunen. Målet var å identifisere risiko knytt til den fylkeskommunale verksemda. Risiko i denne samanhengen er sannsynet for og konsekvensane av at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, politiske vedtak og andre føringar som fylkeskommunane har sett for verksemdene.

Med bakgrunn i denne overordna analysen, utarbeidde kontrollutvalet og vedtok fylkestinget ein plan for forvaltningsrevisjon i 2016 i samsvar med kontrollutvalsforskrifta § 10.

## 1.2 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon

På oppdrag frå kontrollutvalet har revisjonen medverka til ei rullering av plan for forvaltningsrevisjon, for å sikre at denne framleis speglar dei viktigaste risikoområda i fylkeskommunen i resten av valperioden.

Revisjonen tok utgangspunkt i den overordna analysen som blei utarbeidd i 2016 og eksisterande plan for forvaltningsrevisjon, og gjorde ei undersøking for å avdekke eventuelle vesentlege endringar i risikobilete samanlikna med det som blei peika på i 2016, både med omsyn til om identifiserte prosjekt bør omprioriterast, om nye prosjekt bør kome til i planen, og om den føreståande samanslåinga med Sogn og Fjordane fylkeskommunen gjer at ein bør prioritere annleis enn det som er gjort i eksisterande plan.

I undersøkinga har revisjonen nytta dokumentanalyse, analyse av KOSTRA-tal, og gjort intervju med fylkesrådmann, fem fylkesdirektørar, eigedomsdirektøren og fylkestannlegen.

Vesentlege, avdekka endringar blei presentert i eit notat som låg til grunn for diskusjon i kontrollutvalet om prioritering av prosjekt for resten av valperioden.

## 2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2018-2020

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, og ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og vesentlegheit. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i resten av perioden avhenger av kontrollutvalet sitt budsjett og prioriteringar, og omfanget til prosjekta.

Prioritering og rekkefølga på prosjekta i denne rullerte planen for forvaltningsrevisjon blei bestemt etter eit prosessmøte med kontrollutvalet der dei ulike prosjekta blei diskutert.

Under kvart prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med den analysen som har blitt gjort. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einsskilde bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

### 2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 1: Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Oppfølgingstenesta (OT)	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar for oppfølgingstenesta</li><li>• Kompetanse og ressursar</li><li>• Kvalitet i arbeidet</li></ul>
2	Bybanen utbygging	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Prosjektstyring</li><li>• Kvalitetssikring av prosjekt</li></ul>
3	Psykososialt læringsmiljø	<ul style="list-style-type: none"><li>• Førebygging</li><li>• Kartlegging</li><li>• Oppfølging</li></ul>
4	Innkjøp	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kontrollrutinar ved innkjøp</li><li>• Regeletterleving</li><li>• Konkurransesetjing</li><li>• Avtalelojalitet</li><li>• Fullmaktstruktur</li></ul>
5	Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel	<ul style="list-style-type: none"><li>• Organisering og rutinar</li><li>• Kompetanse og ressursar</li><li>• Oppfølging og kontroll</li></ul>
6	Informasjonstryggleik	<ul style="list-style-type: none"><li>• Styringssystem</li><li>• System og rutinar</li><li>• Oversikt over personopplysningar</li></ul>
7	Beredskap på veg 2 <sup>1</sup>	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Samhandling</li></ul>
8	Etterleving av barnekonvensjonen	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Konvensjonsetterleving</li><li>• Oppfølging og kontroll</li></ul>
9	Transporttenesta for forflytningshemma (TT-ordninga)	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Kompetanse og ressursar</li><li>• Kvalitet i arbeidet (likebehandling)</li></ul>
10	Etikk, habilitet og fullmakter <sup>2</sup>	<ul style="list-style-type: none"><li>• System, rutinar og retningsliner</li><li>• Etterleving av etiske retningsliner</li></ul>
11	Krav til timetal i vidaregåande opplæring	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Regeletterleving</li></ul>
12	Økonomistyring og etterleving av budsjett i skulane	<ul style="list-style-type: none"><li>• System og rutinar</li><li>• Kontrollrutinar</li><li>• Budsjett disiplin</li></ul>

<sup>1</sup> Oppfølging av forvaltningsrevisjonen av beredskap på vegnettet gjennomført våren 2018. Kan gjerast i fellesskap med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

<sup>2</sup> Kombinasjon av tre risikoområde frå overordna analyse: (12) System og rutinar for bierverv, (18) Etterleving av fullmaktar og (24) Bruk av fylkeskommunale ressursar til andre føremål enn det som er vedtatt.

## 2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 2: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt
Vedtaksoppfølging
Internkontroll
Vurdering av læringsutbytte
Tilskotsforvaltning
Verksemdstyring
Tryggleik og beredskap
Registrering av KOSTRA-data
Budsjettering og budsjettoppfølging
Kontraktsoppfølging
Informasjonsteknologi
Eigedomsforvaltning og prosjektstyring
Forsvarleg system (opplæring)
Fagopplæring
Fullmakter (opplæring)
Beredskap på skulane
HMT innan yrkesfag
Vedlikehald og fysisk skulemiljø
Oppfølging av elevar med rett til spesialundervisning
Opplæring i institusjon
Enkeltvedtak i vidaregåande skule
Ruteplanlegging
Sikring av billettinntekter
Samordning og samhandling mellom aktørane knytt til utbygging av kollektivnettet
Næringsretta arbeid
Regional planlegging
Sakshandsaming (regionalavdelinga)
Gjennomføring av regional kulturplan
Samordning mellom einingar på tvers av avdelingar med omsyn til tilskotspraksis
Formidling av kunst og kulturtilbod til skulen
Forvaltning av tilskotsmidlar for opprusting av Bryggen
Tannhelsetilbodet
Innkjøp innan tannhelse
Kompetansesenter
Tenesteyting under gjennomføringa av regionsreforma
Tenesteyting etter regionsreforma
Økonomiske konsekvensar av regionsreforma

## 3. Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

### 3.1 Framgangsmåte

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkelig breidd i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ei slik metodetriangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- *Dokumentanalyse*
- *Elektroniske spørjeskjema*
- *Intervju*
- *Dataanalyse*
- *Testing av kontrollar og rutinar*

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einskilde prosjekta. Før ein forvaltningsrevisjon startast opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

### 3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein forvaltningsrevisjon med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til fylkesrådmannen. Rapporten vil også bli sendt til høyring til fylkesrådmannen før den leggast fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt fylkestinget saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at fylkestinget sitt vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp.



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 264,000 people make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).